



SUNNFJORD
UTVIKLING

Handlingsplan

*Vedlegg til Strategisk Næringsplan
for Sunnfjord 2019-2022*

Handlingsplan 2019-2022 - Oppfølging

Handlingsplanen beskriver konkret hva vi skal jobbe med i fireårsperioden. Sunnfjord Utvikling har ansvar for å følge opp denne, men tiltaka må utføres i samarbeid med mange aktører. Sunnfjord kommune, næringsforuma, fylkeskommunen, næringslivet, Høgskulen på Vestlandet, Fagskulen med flere er relevante samarbeidspartnere.

Handlingsplanen vil bli fulgt opp gjennom ei årleg prioritering av tiltak, ansvarsfordeling og budsjettbehandling. Den vil bli evaluert og revidert årleg (i desember) av styret i Sunnfjord Utvikling AS. Handlingsplanen kan justeres dersom nye behov oppstår.



Mål og prioriterte satsingsområder

Sunnfjord kommune skal vere ein sterk vekstregion i nye Vestland fylke

Overordna mål

Mål strategisk næringsplan

1. Sunnfjord skal vere ein næringsoffensiv kommune. Vi skal vere eit naturleg fyrsteval for nyetableringar og vi skal utvikle eksisterande næringar.
2. Sunnfjord skal vere ein kommune med urbane og landlege kvalitetar som er attraktiv for tilflytting.
3. I Sunnfjord kommune skal næringslivet sitt behov for arbeidskraft med rett kompetanse bli tilfredstilt.
4. Sunnfjord kommune skal bidra til å styrke Helse Førde sin posisjon som sentralsjukehus, og legge til rette for auka innovasjon i tråd med statlege føringar.
5. Sunnfjord kommune skal utnytte naturressursane på ein berekraftig måte for å skape fleire arbeidsplassar i landbruket, i mineralnæringa og innan fornybar energi.
6. Reiselivet skal vere ei berekraftig vekstnæring i Sunnfjord kommune, bygd på aktivitetar knytte til kultur og natur.

Satsingsområde

Nærings-
offensiv
kommune

Attraktiv
kommune

Utdanning
og
kompetanse

Helse og
innovasjon

Natur-
ressursar

Reiseliv

Strategiar og tiltak

Handlingsplan - Næringsoffensiv kommune

Mål:

Sunnfjord skal vere ein næringsoffensiv kommune. Vi skal vere eit naturleg fyrsteval for nyetableringar og vi skal utvikle eksisterande næringer.

Strategi	Tiltak
Kommunen skal møte næringslivet med ei JA – haldning.	Utvikle ein kultur for kundevenleg og effektiv saksbehandling, basert på kommunikasjon og samarbeid for å finne gode løysingar og positiv utvikling.
	Jobbe for at kommunen har planar som sikrar føreseielege rammer og naudsynt fleksibilitet for næringsliv og investorar.
	Vidareutvikle eit tett og godt samarbeid med næringsforuma som representerer næringslivet i nye Sunnfjord kommune.
	Gjennomføre dialogmøter mellom representantar frå næringslivet og kommuneleiinga ein til to gongar i året.
	Etablere ein årleg møteplass mellom næringsliv og politikarar.
Utvikle kommunen si rolle som vertskommune for offentleg verksemd slik at Sunnfjord er attraktiv for etablering av nye offentlege etatar.	Sunnfjord kommune skal engasjere seg aktivt for å få fleire statlege arbeidsplassar til Sunnfjord.
	Skape faste møtepunkt mellom leiinga i dei offentlege etatane og kommunen.
	Legge til rette for at tilsette som flyttar til Sunnfjord raskt blir ein del av lokalsamfunnet. Utvikle ein digital velkomstpakke og andre inkluderingstiltak som kan legge grunnlag for ei langsiktig busetting.
Sunnfjord Utvikling si rolle som serviceapparat for etablerarar og eksisterande næringsliv skal vidareutviklast.	Utvikle eigne servicetenester. Utvikle samarbeidet med dei andre aktørane i virkemiddelapparatet som Kunnskapsparken og Innovasjon Norge. Bistå næringslivet med å finne fram i virkemiddelapparatet og tilgang til privat kapital. Marknadsføre moglegheitane som ligg i det kommunale næringsfondet i Sunnfjord. Stimulere til fleire nyetableringar og bidra til at etableringane greier å vekse. Vere ein støttespelar for eksisterande næringsliv i ei utviklingsfase. Vere aktiv i arbeidet med å tiltrekke ny næringsverksemd.
	Skape gode nettverk og møteplassar , som kan kople kompetanse, teknologi og kapital (frukostmøter, pitchekonkurransar osv).
	Sikre nok og variert næringsareal i heile kommunen. Utvikle Sunnfjord Næringspark, legge til rette for fleire etableringar på Skei, vidareutvikling av meir areal på Sande og utvikle attraktive næringsareal knytt til aksene Førde-Florø i Naustdal. Arbeide for å få fram næringsareal nær sjø.
	Legge til rette for internasjonalt samarbeid for å hjelpe bedrifter som ynskjer å utvide marknaden. Utarbeide ein internasjonaliseringsstrategi.
Sunnfjord Utvikling skal legge til rette for fleire klynger.	Stimulere og legge til rette for utvikling av fleire små og større klynger i ulike næringer. Finne gode drivarar med innovasjonskraft som kan etablere sterke klynger.
	Arbeide for å finne grunnlag for NCE eller liknande klyngeetablering i Sunnfjord.

Handlingsplan - Attraktiv kommune

Mål:

Sunnfjord skal vere ein kommune med urbane og landlege kvalitetar som er attraktiv for tilflytting.

Strategi	Tiltak
Profilere og styrke omdømmet til Sunnfjord.	Utarbeide ein merkevarestrategi for nye Sunnfjord kommune.
	Drive historieforteljing frå Sunnfjord ved å løfte fram gode historier på ulike digitale plattformer. Ha eit tett samarbeid med næringsdrivande som tek eit samfunnsansvar ved å framsnakke tilbod og moglegheiter i Sunnfjord.
Vidareutvikle infrastrukturen som bidreg til at regionen er attraktiv for næringsliv, arbeidskraft, buande og besøkande.	Jobbe for å styrke Førde Lufthamn sin posisjon i regionen. Vere i tett dialog med flyoperatøren, samferdsledepartementet og Avinor for å få det beste rutetilbodet.
	I samarbeid med IT-forum jobbe for ein godt utbygt digital infrastruktur og eit fullgodt tilbod om breiband til heile kommunen.
	Jobbe for betre vegar og utvida kollektivtilbod , som styrkar pendlings- og besøksmoglegheitene i nye Sunnfjord kommune.
Styrke regionsenterfunksjonane og handel- og servicenæringa sitt tilbod i Førde.	Samarbeide med næringa for å styrke og utvikle Førde som handelssenter . Jobbe for å sikre vilkår som gjer det attraktivt å drive butikk i sentrum og som skapar ein levande by. Utarbeide ein handlingsplan for prioriterte tiltak som skal bidra til fornying, kompetanseheving og samarbeid innan handel og service i Førde.
	Utarbeide ein arrangementsstrategi for Sunnfjord i samarbeid med næringa, som tilbyr opplevingar til eigne innbyggjarar og tilreisande.
Auke bustadattraktiviteten i heile kommunen, gjennom å <ul style="list-style-type: none"> ▪ vidareutvikle eit sterkt og berekraftig bysenter med urbane kvalitetar. ▪ vidareutvikle berekraftige tettstader og bygder. 	Legge til rette for attraktive bumoglegheiter ved å regulere områder der folk ynskjer å bu. I samarbeid med kommunen sørgje for smart arealplanlegging som skapar kompakte buområde i nær tilknytning til skular, fritidstilbod og tenestetilbod.
	Med utgangspunkt i sentrumsstrategien , arbeide aktivt og legge til rette for eit meir urbant, kompakt, levande og attraktivt bysenter i Førde.
	Realisere ambisjonane i Tettstadutviklingsprosjektet om levande tettstader i ny kommune (Skei, Vassenden, Sande, Bygstad og Naustdal).
	Vurdere grunnlaget for nye utviklingsprosjekt i mindre bygder som til dømes i Viksdalen, Haukedalen og Vevring.

Handlingsplan - Utdanning og kompetanse

Mål:

I Sunnfjord kommune skal næringslivet sitt behov for arbeidskraft med rett kompetanse bli tilfredstilt.

Strategi	Tiltak
Samarbeide med næringsliv og offentlig sektor for å rekruttere rett arbeidskraft til regionen.	Kartlegge framtidig kompetanse- og arbeidskraftbehov i Sunnfjord kommune. Samle representantar frå næringsliv og offentlig sektor for å talfeste behovet.
	Utarbeide ein kompetanse- og rekrutteringsstrategi i samarbeid med utdanning, næringsliv og offentlig sektor.
	Arbeide for eit auka tilbod av lærebedrifter , og at desse har eit mål om 10% lærlingar til ei kvar tid. Dette gjeld og i stor grad offentlig sektor.
Vidareutvikle eksisterande utdanningstilbod og utvikle nye tilpassa tilbod i tett dialog med næringsliv og offentlig sektor. Fokus på auka FoU, innovasjon og entreprenørskap.	Legge til rette for samarbeid mellom næringslivet og utdanningsinstitusjonane for å få retta utdanningstilboda i Sunnfjord inn mot den kompetansen næringslivet etterspør. Etablere nye tilbod og styrke eksisterande etter- og vidareutdanningar.
	Bidra til at Campus Førde Verftet blir realisert, i samarbeid med Fagskulen, HVL og Fylkeskommunen.
Styrke Høgskulen på Vestlandet sin posisjon i Sunnfjord og styrke samhandlinga med fagutdanninga.	Jobbe med rekrutteringstiltak for å få fleire studentar og fagpersonell til HVL og Fagskulen. Delta aktivt i prosjekt RekrutterING Sogn og Fjordane.
	Tett dialog med HVL og Fagskulen for å sikre eksisterande studietilbod og få opp fleire utdanningar i Førde.
Styrke Førde som ettertrakta student- og høgskule by.	Bidra til at Førde vert ein levande studentby med studentbustader, service- og aktivitetstilbod og sosiale møteplassar.

Handlingsplan - Helse og innovasjon

Mål:

Sunnfjord kommune skal bidra til å styrke Helse Førde sin posisjon som sentralsjukehus, og legge til rette for auka innovasjon i tråd med statlege føringar.

Strategi	Tiltak
Tettare samarbeid mellom Helse Førde og næringslivet for å legge til rette for auka innovasjon, som skal oppretthalde eksisterande arbeidsplassar og skape nye.	Leggje til rette med faste møtepunkt der Helse Førde møter næringslivet for å dele kunnskap som kan bidra til knopskyting og auka verdiskaping.
	I samarbeid med Kunnskapsparken vere ein bidragsytar for å få opp fleire forskings- og innovasjonsprosjekt gjennom Helse Førde.
	Etablere ein tettare dialog og samhandling mellom Sunnfjord Utvikling og leiinga i Helse Førde, gjennom halvårlege møtepunkt .
Bidra til å styrke Helse Førde sin posisjon som sentralsjukehus og behalde flest moglege funksjonar. Legge til rette for ynskt utvikling i tråd med Helse Førde sin eigen utviklingsplan for 2018-2035.	Samarbeid med kommune og Helse Førde om rekrutteringstiltak for å få tak i nødvendig kompetanse.
	Jobbe for at kommunen leggje til rette for gode og effektive løysingar for utbygging av sjukehuset på Vie.

Handlingsplan - Naturressursar

Mål:
Sunnfjord kommune skal utnytte naturressursane på ein berekraftig måte for å skape fleire arbeidsplassar i landbruket, i mineralnæringa og innan fornybar energi.

Strategi	Tiltak
Styrke vår posisjon som den største landbrukskommunen målt i areal i Vestland fylke.	Arrangere møte/seminar for å dele kunnskap om landbruket og næringsmiddelindustrien, og bidra til auka rekruttering.
	Bidra til utvikling av bærekraftige tilleggsnæringar i landbruket, som produksjon av lokalmat og reiseliv.
Legge til rette for fleire etableringar i og med utspring frå energisektoren, med særleg fokus på ny teknologi.	Utnytte potensialet i « energi-klynga » i Energihuset på Øyrane til å utvikle ny aktivitet.
	I større grad utnytte kraftproduksjon som konkurransefortrinn for å etablere ny industri og teknologi basert på grøn energi.
	Legge til rette for eit forprosjekt som kan posisjonere Førde lufthamn, Bringeland, til ein test-flyplass for nye elfly .
Bidra til ei berekraftig realisering av mineralutvinninga i Engebøfjellet, med fokus på lokal Verdiskaping.	Jobbe etter vedteken mineralstrategi innanfor dei seks hovudområda; framtidsretta mineralforvaltning, mineralretta næringsutvikling, mineralretta utdanning, samla infrastruktursatsing, berekraftig utvikling, vidareforedling og handtering av restmasse.
	Sunnfjord Utvikling skal ha tett dialog med Nordic Mining og andre aktørar for å bidra til lokal verdiskaping.
	Sunnfjord Utvikling skal vere ein aktiv støttespelar for selskap som vil posisjonere seg for å utføre oppdrag for mineralnæringa.

Handlingsplan - Reiseliv

Mål:

Reiselivet skal vere ei berekraftig vekstnæring i Sunnfjord kommune, bygd på aktivitetar knytte til kultur og natur.

Strategi	Tiltak
Utvikle ein sal- og marknadsstrategi retta mot forbrukar og distribusjonsledd.	Tiltaka vert omtalt i ny reiselivsstrategi som vert vedteken i 2019.
Utvikle fysisk og digital infrastruktur for gode gjesteopplevingar.	Tiltaka vert omtalt i ny reiselivsstrategi som vert vedteken i 2019.
Legge til rette for ei god organisering, meir samarbeid og møteplassar for næringa.	Tiltaka vert omtalt i ny reiselivsstrategi som vert vedteken i 2019.